

# Bygdeblad

Nr 8-09

## Bygdesentralen/Frivillighetsentralen

---



Tlf. 35024868 Faks: 35024825  
bygdesentralen@hjartdalsbygda.no  
www.hjartdalsbygda.no

**Familiegudstjeneste**

**Sopptur**

**Dugnad**

**Bygdeblad**

**Misjonshuset**

**Sal på bygdesentralen**

**Kulturlandskapsenteret**

**Pensjonistmøte**

**Kurs**

**Fotpleie**

**Konsert**

**Bibliotek**

**Revykabaretfest**

**Årsmøte slåttefestivalen**



**Frivillighetspris**

**Idrettslag**

**SØNDAG 4 .OKTOBER SKAL SØN-  
DAGSSKOLEBARNA OPPTRE MED  
SANG  
PÅ FAMILIEGUDSTJENESTEN  
KLOKKEN 11.00 I HJARTDAL KIRKE  
MØT OPP 😊**

*Med vennlig hilsen*

***Hanne Aspheim Lofthus***

**Sopptur!**

**Laurdag 3. oktober vert det sopptur,  
møt opp ved Århus bro kl. 13,00**

**Ta med soppkurv, liten kniv, mat og drikke**

**Elisabeth.**

**Dugnad på vevstugu!**

**Skal vi ta eit tak saman på vevstugu?**

**Her trengs det rydding, vasking og kanskje litt planer framover.**

**Vevstugu er for alle interesserte.**

**Ta kontakt med Agnes.**

# Arrangementsmeldingar

Dametrim fortsetter kl. 19,00 ved kyrkja

Sopptur laurdag 3 okt. Kl. 13,00 Århus bro

Hautbasar fredag 2 okt. kl. 18,00 Misjonshuset

Fam.gudstjeneste søndag 4 okt. Kl. 11,00 Kyrkja

Slåttefestivalen torsdag 15 okt kl. 19,00 Årsmøte

Slåttefestivalen torsdag 8 okt. Kl. 19,00 styremøte

Verdensdagen for

Psykisk helse søndag 8 nov kl. 18,00 Gvammen skule

Bygdesentralen/

Frivillighetsentralen måndag 28/9 kl. 10,00 styremøte

” måndag 26/10 kl. 10,00 styremøte

” måndag 23/11 kl. 10,00 styremøte

## **Bygdebladet!**

Bygdebladet kjem ut ein gong i månaden. Det er eit tilbod der lag, foreiningar og andre kan informere sine medlemmer og andre i bygda om møte og anna.

Det kostar ein del å produsere bladet og å kjøre det ut, så difor gjev vi bygdas folk muligheit til å gje ei gåve.

**Bankkonto, 26990706955**

# MISJONSHUSET

*Fredag 02.okt. kl.18.00 Haustbasar*

*Andakt: Hans Olav Hardang*

*Vi tar med takk imot gevinstar til basaren. Inntekta går til huset.*

*Tysdag 13.okt. Kl.19.30 Bibel/samtalemøte*

*Vi samtaler om emnet «Våg å tro»*

*Tysdag 27.okt. Kl.19.30 Bibel/samtalemøte*

*Vi samtaler om emnet «Våg å bekjenne»*

*Tysdag 10.nov. Kl.19.30 Bibel/samtalemøte*

*Vi samtaler om emnet «Våg å leve nytt»*

Vi samtaler ut frå boka *VÅG LIVET* av J.R.Hardang. Vil du ha boka, så ta kontakt med Gunvor Løkslid. Førebudd eller ikkje, du er hjarteleg velkomen!

Vi samarbeider med Betel om eit arrangement i månaden. På Betel i oktober.

## Normisjonens venner

***Måndag 05.okt. kl.19.30 hos Todne Hovdejord***

***Måndag 02.nov. kl.19.30 hos Gunlaug Lofthus***

# Dette får du på bygdesentralen!

## T. Skjorter!

Vi har en del T. skjorter igjen frå

Slåttefestivalenvalen. Farge: blå og 2 grønnfarger.

Pris: 3 stk for kr.100,00

Løp og kjøp

D.V.D. \_\_\_\_\_ Telemark Junaiten,

C.D. Hjartdal barnegospel, Halvor Sisjord

Røde kors bilder.

Bøker: Visur og Vers,-Hjartdalsoga, - Norge.

Ettesoge,- Gamle segn om hjartdølar.

Til topps på Lifjell,- Kulturlandskap

Frå omgangsskule,- Eg vandrar ut,-

Flotte postkort

Informasjon frå kommunen kjem til sentralen,

til gjennomsyn for alle



[www.kulturlandskapsenteret.no](http://www.kulturlandskapsenteret.no)

**NB: Nytt telefonnummer: 971 87 758**

Kontor- og telefontid kl 0930-1430,  
alle vekedagar utanom onsdag.

**Litt av det me held på med for tida:**

- Nasjonal handlingsplan for slåtteeuger, koordinator for Telemark.
- Beiteprosjektet i Telemark og Agder, koordinator for ”Tri i ein” i Sauland/Tuddal
- Div. ryddeprosjekt langs vegar i kommunen.
- Arbeid for å få Hjartdal-Svartdal med som ”utvald kulturlandskap”, m.a. fått midlar frå Fellesfondet Øvre Telemark til arbeid med oppdatering av tidlegare registreringar og ein samla plan for området
- Oppdatering av [www.kulturlandskap.net](http://www.kulturlandskap.net) på midlar frå LMD i samarbeid med Norsk Kulturarv

Mvh. *Ingvill Marit Buen Garnås*

# **Pensjonistmøte!**

**Møte blir på Betel mandag 28/10 kl. 12,00**

**Emne: kosthold for eldre v/ Bjørg Harmann**

**Enkel bevertning**

**Alle eldre velkomne!**

## **Aldringsmaling!**

**Det vert kurs i aldringsmåling helga 9-10 og 11 oktober.**

**Lærer: Astri Wårås**

**Rask påmelding til tlf. 35024868 eller mob. 91579766**

**Frivillighetsentralen.**

## **Fotpleie!**

**Neste fotpleie er laurdag 13/10, ledige timar.**

**Ring tlf. 35024868. mob. 91579766**

# Bibliotek!

## **Bruk biblioteket, det er viktig!**

Ellen er på biblioteket kvar torsdag frå kl. 16,00 til 19,00

Utanom det, henvend deg på frivillighetsentralen



## **Korpskonsert på Gvammen skule**



# Korpskonserten på gvammen skule 20.09

vel blåst☺

Med fleire store arrangement i kommunen denne helga, var det med spenning vi inviterte til gratis korpskonsert denne søndagskvelden. Kom det til og kome tilhøyrarar??

Spenninga vart gjort til skamme, og det var med stor takksemd og glede representant for Hjartdal musikkorps Bendik Skeie ønska ein fullsatt gymsal hjarteleg velkommen til Korpskonsert denne kvelden.

Dette er ein konsert som dei siste åra har vore eit samarbeid mellom Hjartdal musikkorps, Notodden pike og gutemusikk og Notodden bymusikk.

I år var det Hjartdal musikkorps som var vertskap.

Vertskorpset opna konserten med 4 nummer, og etter det, vart kaffi, brus og kake servert .

Alle korpsa spilla eigne stykke, men også fellesnummer.

Ingen korps utan dirigent, og som takk for at dei er villige til og stå i denne tenesta, blei det delt ut ein velfortent blomsterbukett til kvar av dei.

Tibakemeldingane frå publikum har vore svært positive, og vi håper at vi gjennom denne konserten, fekk presentert litt av det som var vår intensjonen, at ” å spille i korps er moro”

☺Er det nokon i bygda (uansett alder) som har lyst til og bli med på denne moroa, ikkje nøl, bare ta kontakt , og du vil bli tatt godt imot☺

Vi trenger sårt fleire musikantar i Hjartdal Musikkorps.



# Hjartdal Idrettslag

## DYRSKUN 2009

Styre ynskjer og rekke ein stor, STOR takk til alle som la ned ein dugnadsinnsats for Hjartdal IL på Dyrskun.

Når vi er så flinke denne eine helga i året, slepp vi unna kakelotteri, loddsalg, kalendersalg osv...

Ein stor takk må også sendas til dei som har administrert dugnaden.

TUSEN TAKK ALLE SAMAN!!

## Voksentrim

Hjartdal IL ynskjer og bygge vidare på suksessen frå i fjord, og inviterer alle over 18 år til trim på Gvammen skule.

Helge Bekkhus og Kirsti Holm bli med også denne hausten, og legg opp eit varierende treningsopplegg for oss.

Ikkje sitt heime på mørke haustkveldar, bli heller med på trimm`n ☺

Første gong er Onsdag 07.10 KL: 19.30 på Gvammen Skule.

## **Årsmøte i Slåttefestivalen!**

**Torsdag 15 oktober vert det årsmøte i slåttefestivalen på**

**Nordbø pensjonat kl. 19,00**

**Årsmøtesaker**

**Enkel beverning**

**Alle er velkomne!**

## Føremiddagstreff!

Kvar onsdag er du hjarteleg velkommen til bygdesentralen.

Servering er kaffi og kake, utlodding, mykje latter og moro.

Ope frå kl. 11,00 til ca. kl. 14,00.

Ta ei lita pause i arbeidet og besøk oss.



**Skynd deg, nå er jakta i gang!**

# Frivillighetspris!

Har du forslag på kandidater som har gjort seg fortjent til å få frivillighetsprisen for 2008.

Personen bør være medmenneske og være med i frivillig arbeid. Frivillighetsprisen vert delt ut når vi tenner julegrana ved kyrkja..

## **Eget styre velger den rette kandidaten!**

Send din kandidat til Bygde sentralen i brev, helst innan 1 nov.

# REVYKABARETFEST!

Om ikkje lenge er Bergtun ferdig, og det skal me feire!  
Me tenkte at ein liten revy med songar og sketsjar kunne vere moro å vise fram, så om du kunne tenkje deg å vere med på dette, ringer du berre Gunvald på 350 24 777 eller Dag på 350 24 801, så sett me i gang